



Arkivnr: 2016/34356-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016

**Bygningsvernkonsulentordninga. Status og vidare arbeid****Samandrag**

Saka gjeld overføring av 2016-midlane på budsjettposten 400.660 Museum, Museumssamarbeid med kommunane, kr. 600 000, og overføring av 300 000 kr som står på fond knytt til same budsjettpost.

Ei sentral satsing i musea si rolle som samfunnsaktør er samarbeid med kommunane gjennom bygningsvernkonsulenter. Hordaland fylkeskommune har løyvd 600 000 kroner til tiltaket, med føresetnad om tilsvarande bidrag frå kommunane. Midlane har dei siste åra vore knytt opp mot prosjektstilling som bygningsvernkonsulent ved Museum Vest og Sunnhordland museum. I tillegg til desse prosjektstillingane har Hordaland fylkeskommune ei permanent bygningsvernteneste ved musea som har utvikla seg frå 1990-talet og frametter. Denne ordninga er i dag med å finansiere bygningsvernkonsulent-stillingar ved Museumssenteret i Hordaland, Sunnhordland museum og Hardanger & Voss museum (kr 472 800 årleg pr. museum) og 1 stilling ved Bymuseet i Bergen (kr 334 600).

Det er eit nasjonalt mål at tapet av verneverdige kulturminner skal minimerast. Verneverdige kulturminner vert i stor grad forvalta av kommunane og private eigalarar. Styrking av ordninga med bygningsvernkonsulenter er eit prioritert tiltak i *Premiss: Kultur, regional plan for kultur 2015-2025*. Bygningsvernkonsulentane har viktige informasjons-, formidlings- og rådgjevingsoppgåver i lokalsamfunnet. Dei har ein kompetanse som kommunane treng for å ta vare på lokale kulturminne. Hjelp knytt til regionale og nasjonale tilskotsordningar gir til dømes viktige bidrag til private eigalarar sitt arbeid med verneverdige bygg. For å synleggjere samfunnensnytta av ordninga er det naturleg at bidraga vert målt og kartlagt, både kvalitativt og kvantitativt.

Ein har i dag fleire ulike modellar med omsyn til oppgåver og finansiering. For dei eldste stillingane er det til dømes ikkje føresetnad om kommunal medfinansiering. Det er såleis eit stort behov for harmonisering av ordninga, slik at føresetnad om kommunal medverknad vert gjort etter same praksis, og at kommunane og innbyggjarane får same tilbod.

I tillegg til harmonisering av ordninga er det viktig å sjå korleis ein kan styrke samfunnensnytten ytterlegare. Dette må skje i dialog mellom musea, kommunar og private eigalarar. Eit overordna mål er å hindre tap av viktige kulturminne ytterlegare og korleis ein kan ta vare på kulturminne på ein god måte. I dag er rådgjeving og hjelp med søknadsskriving opp mot regionale og nasjonale tilskotsordningar ei hovudoppgåve.

Fylkesrådmannen vil såleis foreslå at midlane på fond frå budsjettpost 400. 660, kr. 300 000 kr, vert nytta til ekstern evaluering av ordninga i 2017. Eit mål må vere harmonisering av ordninga og at den samfunnsmessige verknaden vert kartlagt og synleggjort. Ein ser at dette arbeidet vil inngå i Kultur- og idrettsavdelinga si kartlegging av kultur- og idrettsfeltet.

I tillegg foreslår fylkesrådmannen at budsjettmidlane for 2016, 600 000 kr, vert overført til 2017, og at desse vert nytta til ei prosjektstilling ved Hardanger og Voss museum. Innrettinga av denne stillinga vil vere basert på innhaldet i evalueringa og tingingar med lokale samarbeidspartnarar. Arbeidet vil starta opp når resultata frå evalueringa ligg føre.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til forslaget om at fondsmidlane på kr 300 000 frå budsjettpost 400.660, Museumssamarbeid med kommunane, vert nytta til ei ekstern evaluering av ordninga med bygningsvernkonserntar i 2017. Målet er harmonisering av ordninga og vurdering av samfunnsnytta.
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar forslaget om at 600 000 kr av midlane frå budsjettpost 400.660 for 2016, Museumssamarbeid med kommunane, vert overført til 2017 og at midlane vert nytta til ei prosjektstilling ved Hardanger og Voss museum i 2017/2018 basert på innhaldet i evalueringa og tingingar med lokale samarbeidspartnarar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.11.2016

Saka gjeld overføring av 2016-midlane på budsjettposten 400.660 Museum, Museumssamarbeid med kommunane, kr. 600 000, og overføring av 300 000 kr på fond knytt til same budsjettpost.

Ei sentral satsing i musea si rolle som samfunnsaktør er samarbeid med kommunane gjennom ordninga med bygningsvernkonsulentar. I budsjettforslaget for 2011 kan ein mellom anna lese dette:

«Eit sentralt satsingsområde er kommunal medverknad i museumssektoren. Tidlegare er Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum styrkte under føresetnad av tilsvarende kommunale bidrag.»

Dei siste åra har midlane på budsjettpost *Museumssamarbeid med kommunane*, vore knytt opp mot prosjektstillingar som bygningsvernkonsulent ved Museum Vest og Sunnhordland museum. For Museum Vest vert prosjektet avslutta ved årsskiftet 2016/2017. Det har mellom anna vore utfordring knytt til fordeling av arbeidsressursen mellom kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden og museet, men også i høve til kva arbeidsoppgåver bygningsvernkonsulenten skal prioritere. Ei utfordring i dagens ordning er i kva grad museet sjølv kan nyttiggjere seg den kompetansen og den stillingsressursen som museumskonsulenten utgjer i eiga verksemd. Musea har store behov internt, slik at det kan vere vanskeleg å vere tilstrekkeleg utadretta i visse periodar. Samstundes ser ein at bygningsvernkonsulenten har ein kompetanse som kommunane ikkje har og som dei har behov for overfor sine innbyggjarar.

Kompleksiteten i ordninga ser ein når det i tillegg til desse prosjektstillingane, finns ein permanent bygningsvernteneste ved musea som har utvikla seg frå 1990-talet og frametter. Denne ordninga er i dag med å finansiere bygningsvernkonsulent-stillingar ved Museumssenteret i Hordaland, Sunnhordland museum og Hardanger & Voss museum (kr 472 800 årleg pr. museum) og 1 stilling ved Bymuseet i Bergen (kr 334 600). Den fylkeskommunale delen av desse permanente stillingane er finansiert frå budsjettpost *Bygningsverntenesta ved musea*. Det er ikkje krav om kommunal medverknad for dei eldste stillingane. Her er det museet saman med fylkeskommunen som finansierer stillinga. Men det er heller ikkje same krav om å utføre oppdrag for kommunen sine innbyggjarar. Det er såleis eit stort behov for harmonisering av ordninga, slik at kommunane og innbyggjarane får same tilbod og at føresetnad om kommunal medverknad også vert føreseieleg og gjort etter same praksis.

Nettopp dette at det finnes forskjellige modellar for oppgåveløysing og finansiering, har gjort det vanskelig for Museum Vest og dei fire kommunane i vest.

Administrasjonen har tatt eit grep for å harmonisere ordninga ved at budsjettpost *Museumssamarbeid med kommunane og Bygningsverntenesta ved musea*, i framlegg til budsjett 2017, er slått saman til ein post – *Bygningsverntenesta ved musea*.

Styrking av bygningsvernkontinentordninga er eit prioritert tiltak i *Premiss: Kultur, regional plan for kultur 2015-2025*. Bygningsvernkontinentane har viktige informasjons-, formidlings- og rådgjevingsoppgåver i lokalsamfunnet. Når resultatet av ei harmonisering mest truleg vert at kommunane i større grad skal bidra inn i ordninga, er det naturleg å synleggjere samfunnssnytta ovanfor kommunane. Kva er bidraget til samfunnet? Korleis kan dette målast? I mange tilfelle er det privatpersonar og ikkje kommunen som bygningsvernkontinenten har kontakt med, slik at kommunen kanskje ikkje har god oversikt over heilskapen i kontinenten sitt arbeid. Derfor vil kommunikasjon og rapporteringsform ha særlig fokus i ei revidering som vil følgje naturleg av evalueringa. Nasjonalt viser ein til Hordaland og Oppland som dei to fylkeskommunane som har eit godt utbygd system med slik kompetanse. Ei «måling» av kva ordninga betyr, vil ha nasjonal tyding.

I tillegg til harmonisering av ordninga er det viktig å sjå korleis ein kan styrke samfunnssnytten ytterlegare. Dette må skje i dialog mellom musea, kommunar og private eigarar. Eit overordna nasjonalt mål er å minimalisera tap av verneverdig kulturminne. I dag er rådgjeving og hjelp med søknadsskriving opp mot regionale og nasjonale tilskotsordningar ei hovudoppgåve. Ei utfordring er synleggjering av dette arbeidet og resultata det gir for kulturminne i den enkelte kommune. Eit regionalt mål for 2017 er såleis styrking av ordninga gjennom ei evaluering som vil legge grunnlag for harmonisering av oppgåver, finansiering og ansvarsfordeling. Dette vil sikre berekraft på lang sikt og større transparens med omsyn til resultat.

Voss kommune høyrer ikkje til bygningsvernkontinentordninga i dag. Området er stort, med mange verneverdige bygg og anlegg. Bygningsvernkontinenten ved Hardanger og Voss museum dekker i dag Hardanger. Stillinga høyrer til den gamle ordninga der det ikkje er kommunal medfinansiering. Erfaringar så langt viser også at det tar tid å organisere ei ny stilling når tre partar er med i spleiselaget. Det vert likevel arbeidd for at ei ny stilling ved Hardanger og Voss museum vert operativ i løpet av 2017.